



Åsmund Berthelsen

Spørsmål i formannskapet - 30. januar - om feilinformasjon og eit ulovleg mineralråd

Bakgrunn

I brev datert 26.01.20 med overskrifta «Om feilinformasjon og eit ulovleg mineralråd», tek Åsmund Berthelsen på vegne av partia Raudt og SV opp spørsmålet om oppretting og val av medlemmer er i tråd med kommunelova. Berthelsen har i etterkant av ei kort orientering i formannskapet sendt ein ny epost til ordføraren datert 31.01.20 der han også etterspør status for tilskot frå Sogn og Fjordane fylkeskommune. Etter samråd med ordføraren blir dette brevet sendt av underteikna.

Kommunane Naustdal og Askvoll har i handsaminga av ein mineralstrategi vedteke ei aktiv satsing på oppretting av mineralråd (kommunestyre sak 18/021, formannskapssak 19/030). Sogn og Fjordane Fylkeskommune meinte at dersom kommunar og næring tek initiativ til å lage mineralråd, bør fylkeskommunen vere deltakar i dette (fylkesutvalet 18/23).

Intensjonsavtalen (med tilleggsavtale) som låg til grunn for samanslåing av dei fire kommunane til Sunnfjord kommune, legg til grunn at den nye kommunen skal arbeide for å realisere samtlege strategiar for næringsutvikling som den einskilte kommune har vedteke.

Formannskapet i Naustdal gjorde i sak 19/030 slikt vedtak:

1. Naustdal kommune ber om at det vert etablert eit mineralråd i Sogn og Fjordane, og ber om at dette også vert vidareført i nytt fylke.
2. Naustdal kommune vil samarbeide med næringslivet om initiativet.
3. Naustdal kommune ynskjer å etablere partnerskap om oppfølging tiltak i mineralstrategien utarbeidd av kommunane

Sogn og Fjordane fylkeskommune har løvd 1,5 mill. kr. til arbeidet i mineralrådet, men kravde at rådet var stifta innan utgangen av november (fylkestinget 19/048). Det var derfor viktig å sette rådet i arbeidet før årsskiftet. Etter første møte i rådet 28. november 2019 gjorde fylkesutvalet så slikt vedtak 09.12.2019:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommunen sluttar seg til mineralrådet, jf. vedlagde reglement.
2. Arve Helle vert vald som medlem i mineralrådet. Fylkesutvalet oppmodar Vestland fylkesting om å utpeike den andre fylkeskommunale medlemen i rådet
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune har løyvd 1,5 mill. kr til arbeidet i mineralrådet, jf. vedtak i samband med budsjettrapporten pr. 2. tertial. Midlane vil no kunne kome til utbetaling.

Midlane er utbetalt og det er oppretta eit driftsprosjekt for rådet i kommunerekneskapen. Rådet sitt arbeid vil såleis vere transparent og opent for innsyn.

Vurdering

Det er på det reine at kommunestyret i Sunnfjord kommune ikkje har tatt stilling til den endelege organiseringa og vedtektene for mineralrådet. Det har heller ikkje Vestland fylkeskommune gjort.

Etter innspel frå Sogn og Fjordane fylkeskommune vart rådet sitt mandat og reglement endra i høve til det som låg til grunn for det første møtet i rådet slik at det kunne leggest fram for fylkesutvalet i Sogn og

Fjordane. Administrasjonen i Sunnfjord kommune har hatt møte med Vestland fylkeskommune, og Sogn og Fjordane fylkeskommune si oppmoding om vidareføring av arbeidet i rådet blir det såleis jobba med.

Det er (i hovudsak) berre kommunestyret eller fylkestinget som kan opprette og velje medlemmar til eit utval oppretta i medhald av kommunelova §5-1, og før eit slikt vedtak ligg føre vurderer kommunedirektøren den noverande organiseringa av mineralrådet meir som eit interesseutval, slik som til dømes Interesseutvalet for Førde lufthamn og Interessegruppa for Rv 52/Rv 5.

At kommunestyret har valt eit medlem til rådet vurderer eg ikkje som problematisk. På grunn av tilhøve rundt fylkessamaslåinga, har det ikkje vore mogeleg å få avklara mandat og vedtekter for rådet i forkant, og ein er i prosess med Vestland fylke om dette.

Rådet manglar framleis naudsynt politisk forankring i Sunnfjord kommunestyre. Sak om formell status av rådet vil derfor bli lagt fram for kommunestyret når det er nærmare avklart kva rolle Vestland fylkeskommune vil ha i høve rådet. Vi tek sikte på å fremje ei sak i løpet 2020, og det vil då vere naturleg å vurdere rådet sin funksjon og organisering.

Førde, 10.02.2020

Med helsing

Ole John Østenstad
kommunedirektør

Dette brevet er elektronisk godkjent om det ikkje er signert.

Kopi til:

Olive Grotle
Øyvind Bang-Olsen